

Informasjonsskriv frå Breim Bygdekvinnelag, april 2024:

Det er stor aktivitet i Breim Bygdekvinnelag.

Kristin, Berit og Reidun var på årsmøtet i Sogn og Fjordane BKL 16.-17.mars i Loen. Det var eit godt avvikla årsmøte og idemyldring kring medlemsverving og korleis nå ut til yngre kvinner. Kommunikasjonsrådgivar i BKL sentralt underviste om bruk av nettside, facebookside og teams. Vi i Breim BKL informerer ein del via nettsida og facebookside. Når det gjeld facebookside vår, så må du trykke på det gule profilsymbolet, for å kome inn på «veggen» der informasjonen festar seg.

Regionsmøte vart arr. 10.april 2024, i Matstova i Stryn. 3 representantar frå Breim BKL deltok; Gudrun, Turid B og Reidun. I tillegg til Breim BKL og vertane Oppstryn BKL, var også Hyen, Gloppen, Oldedalen, Olden og Loen/Rake representert. Bygdekvinnelaga fortalde om tema og aktivitetar i laget. Laga deltek i små og store arr. i bygda si, det er kurs og det er tema møte. Ei bekymring som fleire lag deler, er mangel på nye medlemmar.

Laurdag 27.april kl 10.30 på Breim skule blir det kurs i kakepynting med bruk av marsipan og marshmallowfondant. Påmelding til Linda innan 19.april. Annonsa finn du på facebookside vår.

Tysdag 30.april arrangerer Midtre Nordfjord fjordhestlag Unghestskue på Fjordhestgarden. Dei spør Breim bygdekvinnelag om vi kan lage og selje betasuppe denne dagen, og laget vårt får inntekta. Er det 2-3 personar som vil ta på seg denne jobben? Vi må gi tilbakemelding snarast på om vi kan ta på oss dette oppdraget.

Tysdag 30.april kl 19-20.00 på Familiehuset på Grandane eller digitalt på teams er det informasjonsmøte om det frivillige familiestøtteprogrammet Home-Start Familiekontakten. Dette kan vere eit givande arbeid som bygdekvinner i Breim kan delta i. Som familiekontakt besøker du småbarnsfamiliar 2-4 timar pr veke. Målet er å førebygge belastningar og stress, støtte familien på det dei meistrar og avlaste etter familien sitt behov. Dersom du er interessert i å delta på informasjonskvelden så gi beskjed til Kristin på epost/sms innan 23.april, så melder ho samla på i frå Breim BKL

Styret i Breim BKL er, saman med Hyen og Nesjane, invitert av Gloppen bygdekvinnelag til felles møte på Gloppebua 7.mai. Då vil Prosjektlear i BKL sentralt, Astrid Seime, kome på besøk og fortelje om prosjekt Nøysam, rekruttering til BKL og samarbeid på tvers av laga. Prosjekt Nøysam vil rette seg mot barn og unge, og det kan søkast midlar frå BKL sentralt på

7000,-kr pr prosjekt til aktivitet innanfor dei 4 kategoriane: Matsvinn, Dyrk sjølv, Miljøvenleg og kjemikaliefri heim og Kva kan det vere lurt å reparere sjølv.

Sommarturen for Breim Bygdekvinnelag blir i år laurdag 1.juni. Vi reiser til Olden og vil få omvisning, historeforteljing og Afternoon tea på Singerheimen. Vi vil også prøve å kombinere med eit besøk enten på Juv gard på Tistham eller Innvik gamle ullvarefabrikk. Info om påmelding kjem seinare.

Pederhusveka blir arrangert 13.-16.juni. Breim BKL har tatt på seg å lage artistmat/lunsj til kl 15.30-16.30 på Fjordhestgarden. Dette kan t.d vere ei gryte med brød. Nokon som vil ta hovudansvar for dette oppdraget?

Vi vil også halde kafee i 2.etg i Breimshallen under Sommarkveld i Breimshallen laurdag 15.juni kl 18-00. Her vil vi servere betasuppe/eller ei anna suppe med brød, og i tillegg kaker og kaffi. Håper alle er positive til å bidra med kakebaking og vi treng nokon som vil ta hovudansvar for suppa. Dette oppdraget vil gi god inntekt til laget og vi vil få 20 fribilletter til Pederhusarrangement som vi deler blant dei som hjelper til.

Matamål i Gloppen blir i år arrangert i tidsrommet 14.- 28.september. Haustmarknaden på Fjordhestgarden blir ein del av Matamål og blir halden laurdag 14.september. Breim BKL vil styre kiosken som vanleg.

Meld frå til nokon i styret under medlemsmøtet 18.04.24 om det er nokre av oppdraga du kan bidra på. Du kan også sende epost til Kristin: kristin.daling.felde@gmail.com